



Aksjonærene i Sogn og Fjordane Energi AS  
Medlemmane i styret for Sogn og Fjordane Energi AS

21.11.2024

***Sogn og Fjordane Energi AS – Innkalling til ekstraordinær generalforsamling torsdag 19.12.2024 kl 11:00 i selskapet sine lokaler på Sandane***

Det vert med dette kalla inn til ekstraordinær generalforsamling i Sogn og Fjordane Energi AS torsdag 19. desember 2024 - kl. 11.00 i selskapet sine lokaler i Sørstrandsvegen 227 på Sandane.

Bakgrunnen for innkallinga er eigarprosessen i selskapet.

Saker som skal handsamast:

1. Val av møteleiar
2. Val av ein person til å skrive under møteboka saman med møteleiar
3. Godkjenning av innkalling og sakliste
4. Fase to utgreiing fusjonsprosess med Eviny AS.

**Styret i SFE har gjort slikt vedtak:**

«Styret tilrår eigarane å ikkje gå vidare til ein fase 2 «fusjonsutgreiing». Tilrådinga er basert på ei vurdering av framlagte rapportar frå konsekvensutgreiinga i fase 1 og styret viser til vår vurdering ovanfor som konkretiserer dei viktigaste argumenta som styret har lagt til grunn. Dei tre rapportane gir eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag til å vurdere alternativ (i) og (ii) opp i mot kvarandre. Utgreiingane syner at SFE er godt rusta til å møte framtidige krav og forventningar frå eigarar, tilsette og samfunnet elles. SFE har tilgang på framtidige investeringsprosjekt som gir auka produksjon av fornybar energi. SFE har kompetansen og den finansielle styrken som er nødvendig for å realisere nye lønsame kraftutbyggingar og nå målet om 4 TWh i 2040. SFE har gode føresetnader til å levere attraktive utbytter og verdistigning til eigarane. Skilnaden mellom samla utbytte i eit fusjonert selskap og eit sjølvstendig selskap er marginalt sett opp i mot den operasjonelle risikoen ein fusjon medfører. I dag er det Vestland fylke og kommunar i tidlegare Sogn og Fjordane som har styring med SFE si utvikling. Investeringsavgjersler vert gjort lokalt der prosjekta er og verdiane blir skapt.»

Styret tilrår derfor generalforsamlinga til å gjere følgande vedtak:

«Generalforsamlinga vedtek å ikkje gå vidare til ein fase 2 «fusjonsutgreiing»».

Som saksunderlag til sak 4 vert heile styrevedtaket og følgande utgreiingsrapportar vedlagt:

- SFE rapport – Utgreiing av eit sjølvstendig SFE
- EY rapport – Executive summary
- KPMG Bytteforhold – Samandrag av rapport

Av omsyn til førebuing av møtet ber vi om at kvar aksjonær gir tilbakemelding på kven som deltek seinast tysdag 17. desember til Martin Holvik på e-postadresse martin.holvik@sfe.no.

Vedlegg:

1. Fullmaktskjema
2. Saksunderlag til sak 4

Med helsing  
Sogn og Fjordane Energi AS

Olin Johanne Henden  
Styreleiar  
- sign. -